

Til:

Arya Maman Dersim Yüzer Maman Kari Ann Røgenes Bjørnsen Lotte Grov Bjarheim Mona Bø Ragnvald Riis Rawand Kameran Hassan Rune Øyen Sjur Grov-Hagen Torgeir Erfjord	Krossmyra 2B Skjeraberget 96 Nærland 36	4365 4365 4365	NÆRBØ NÆRBØ NÆRBØ
--	---	----------------------	-------------------------

Dykker ref.**Vår ref.**
21/2951**Arkivkode**
035 A20**Dato**
27.01.2021**Nærø ungdomsskule - Referat frå SU/SMU møte 26.01.2021**

Dato: 26.01.2021

Tid: Kl. 19.00-20.00

Desse møtte: Arya Maman, Kari Ann R. Bjørnsen, Lotte Grov Bjarheim, Mona Bø, Ragnvald Riis, Sjur Grov-Hagen, Torgeir Erfjord, Dersim Yüser Maman og Linda Hadland Forsmo.

Forfall: Rawand Kameran Hassan

Saker:**1/21: Godkjenning av referat.**

Referat vart godkjent.

2/21: Godkjenning av saksliste.

Saksliste vart godkjent

3/21: Resultat nasjonal prøve haust 2020.

Rektor informerte om resultata. SU synes det er gledeleg at skulen har løfta elevane minst dei forventa skalapoenga frå 8.til 9.trinn. Både i rekning og lesing har dei gått opp 4,3 poeng. I tillegg ligg 9.trinn over nasjonalt snitt i rekning.

4/21: Resultat elevundersøkinga haust 2020. Kort kommentar. Resultata kjem ikkje nasjonalt før 1.feb.

Rektor informerte kort om korleis resultata på dei tre trinna er, samanlikna med 2019 tala nasjonalt og utvikling innad på trinna. Generelt hadde 8.trinn eit godt resultat, 9.trinn midt på treet, medan 10.trinn hadde me ønska var ein del betre. Samanlikna med tidlegare år har 10.trinn synkande resultat på dei fleste spørsmål. Er veldig spent på resultatet opp mot nasjonalt snitt, som bare viser landssnitt på 10.trinn. Gledeleg er det at undersøkinga viser at skulen har greie mobbetal.

5/21: Økonomi for 2020

Skulen gjekk med eit greit overskudd. Håpar å få ein del av dette sett inn på fond.

6/21: Høyringsbrev og forslag til kommunal forskrift om ordensreglement i skulane i

Hå. (Får de ikkje opp lenka, sjå vedlegg)

Sjølve forslaget ligg på Hå kommune si heimeside:

<https://www.ha.no/skule/forslag-til-ny-kommunal-forskrift-om-ordensreglement/>

SU-leiar gjekk kort gjennom høyringsbrevet og forslaget til ordensreglementet, sidan dette låg ved som eit vedlegg og var lest gjennom av deltakarane før møtet.

Politiker presiserte at det er viktig at alle parter blir høyrde i innspelet som skal sendast frå skulen til styringsgruppa.

Det blei ein god samtale kring enkelte ting som står i forslaget.

Leksehjelp er ikkje ein del av skuledagen. Derfor skal ikkje orden og åferdskarakterane bli påverka av korleis elevar oppfører seg her. Dette stiller enkelte i SU seg litt undrande til, då skuleskyss er ein del av skulekvardagen.

I FAU møte tidlegare i kveld blei det teke opp dette med fjerning av "Anmerkning" som sanksjonsform. Det blei diskutert der, og same diskusjon kom opp i SU. Her blei det sagt at fleire lærarar bør bli høyrde i denne saka. SU er usikre på om dei vil stille seg bak å fjerne dette. Dette var essensen i det som blei snakka om, og som SU ønsker å spele inn til styringsgruppa:

- SU synes det er merkeleg at dette er basert på tru og ikkje på forskning. Kva er resultatet på skular som ikkje har denne form for sanksjonar?
- Skulane skal framleis dokumentere brot på ordensreglementet, og då stiller SU seg undrande til om ikkje det er betre at elevar og foreldre/føresette får innsyn etterkvart som desse kjem. Det kan bli mykje mas på enkelte heimar med meldingar og telefonar heim, dersom man fjerner innsynet.
- Sjølv om anmerkninger ikkje har verknad på nokre elevar, vil det likevel framleis ha god verknad på dei fleste elevar.
- Betre å få innsyn, så har den enkelte elev og føresett kontroll.
- Personvern: Kor dokumentere med tanke på sikkerheit (sikker lagring) om ikkje i visma?

* I siste punkt, under §4 Åferd, om bruk av hovudplagg, må ikkje kommunen ha strengare retningslinjer/føringer enn dei nasjonale.

7/21: Orientering frå politisk representant

- Nevnte kort at skulestrukturen på Vigrestad har vore ein aktiv sak i politikken i det siste.
- Akkurat no er det kommunale ordensreglementet ein viktig sak for politikarane.

- Elles er politikarane spente på resultata av elevundersøkinga som kjem 1.feb, og kva denne fortel om skulane i Hå kommune i 2020. Ikkje minst dette med motivasjon.

8/21: Eventuelt

- Garderobane er ferdige.
- Kantina reknar me ikkje med at me kan starte opp før til hausten. Det kan sjå ut for at bygginga snart tek til.
- Innspel frå foreldre om at dei sette pris på kjapp og god kvalitet på informasjonen som gjekk ut til heimane, då skulen i midten av januar fekk to koronasmitta elevar på skulen.

Referent: Linda Hadland Forsmo

Med helsing
Hå kommune

Kari Ann Røgenes Bjørnsen
sekretær

Kopi til:
Linda Hadland Forsmo

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur